

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
433.1	Knut Øyjordet	11.12.20	42/20

SØKNAD OM OPPFØRING AV GAPAHUK – SJODALEN FJELLGRENDE VELFORENING

Saksdokument:

1. Sak 26/20 i fjellstyret.
2. E-post frå Statskog av 22.09.20 med vedlegg.

Saksutgreiing:

Velforeninga i Sjodalen Fjellgrend søkte tidlegare i år Statskog om oppføring av ein gapahuk på Pikuthaugen, som fjellstyret fekk til uttale. Fjellstyret gav følgjande uttale (vedtak i sak 26/20):

I søknad frå Sjodalen Fjellgrend velforening om å setje opp ein gapahuk på Pikuthaugen, så frårår fjellstyret at det blir gjeve løyve. Fjellstyret meiner generelt at det ikkje bør førast opp gapahuker på utsiktpunkt som høgder og toppar. Og i dette tilfelle så ligg høgda også innanfor eit naturreservat. Fjellstyret har ingen merknader til utplassering av nokre benkar på Pikuthaugen. Når det gjeld bålpanne her, så bør dette avklarast med kommunen ved brannvesenet.

Fjellstyret vil sjå positivt på ein søknad om oppsetting av ein gapahuk i nærliggjande område, men utanom verna område og som ikkje kjem i konflikt med bruksrettsinteresser og/eller natur- og friluftsinteresser. Dette kan gjerne vere i nærleiken av vassdrag, og som vil vera til nytte og glede for allmenta.

Velforeninga fekk ikkje løyve frå Statskog.

Velforeninga ved leder Bjørn Bakke har sendt ny søknad til Statskog med ei anna plassering. I søknaden står det følgjande:

Viser til tidlegare søknad om oppføring av gapahuk på Pikuthøgde som vi fekk avslag på. Nå har eg hatt ei synfaring saman med Knut Øyjordet i Vågå fjellstyre, og vi har funne ein alternativ plassering av ein gapahuk. Det er i området krysset Griningsdalsvegen/Kampevegen – utanfor naturvernombordet, ca. 50 m sørvest for grensa til naturvernombordet og ca. 30 m sørvest for stigen/Kampevegen. Dette er ei plassering som vil vera til glede for alle som brukar Sjodalen som friluftsområde. For hytteeigarar i Sjodalen fjellgrend ligg dette like ved både sommerløype og vinterløype/skiløype som blir mykje nytta av hytteeigarane der. Men også andre hytteeigarar i Sjodalsområdet nytta òg dette området mykje både sommar og vinter, og vil såleis ha stor glede/nytte av ein gapahuk i dette området.

Det er tenkt ein tradisjonell gapahuk oppført i solide materialer – grove/kraftige stokker i botnen og som reisverk – vegger og tak (skratak) i villmarkspanel eller liknande, storlek ca. 4 m lang og ca. 1,5-2 m brei (sjå vedlagt illustrasjonsfoto).

Vi ser også for oss å etablere ein bålpass ved gapahuken – enten ein betongring med grillrist eller ei bålpanne. I området rundt er det ikkje anna skog enn bjørkeskog. Sjodalen Fjellgrend velforening tek ansvar for oppføring og vedlikehald av gapahuken og vil påsjå at det ikkje blir forsøpling rundt gapahuken.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrrene.no

Som førre gongen har Statskog oversendt søknaden til fjellstyret for uttale etter § 12 i Fjelova. Grunndisponeringstiltak kan etter reglane i § 12 i fjelova berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern. Det er slik at fjellstyret i ei slik sak må vurdere eventuelle konfliktar i forhold til bruksrett, samt naturvern- og friluftsinteressene.

Vurdering:

Omsøkt ny plass for ein gapahuk ligg utanom Stuttgonglia naturreservat, og «strategisk» i forhold til tur- og skiløypenettet i området. Dessutan er det svært fin utsikt mot fjellområda på vestsida av Sjodalen frå denne plassen. Det er nesten ikkje beitedyr i området, og i forhold til jakt og fiske skulle det heller ikkje vera noko ulempe med ein gapahuk her.

Innstilling til vedtak:

Fjellstyret viser til vedtak i sak 26/20 og til vurderinga i saka og har ingen merknader til at Sjodalen Fjellgrend velforening får løyve til å setje opp ein gapahuk på omsøkt plass ved krysset Griningsdalsvegen og Kampevegen.

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:

Statskog

Kopi til:

Sjodalen Fjellgrend Velforening v/Bjørn Bakke

Vågåmo, 11.12.20

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse Postboks 16 2684 VÅGÅ	Telefon 61 29 37 37	Bankgiro 2085.25.13625	E-post vaga@fjellstyrene.no
-------------------------------------	------------------------	---------------------------	--------------------------------